



Prosten heldt ei malmfull preike

73 var i dag med på gamaldags kyrkjesundag i Uskedalen og det var tilskiparane med Tormod Myklebust i front godt fornøgde med. Det vart eit nytt høgdepunkt i 100-årsfeiringa av kyrkja og ga kyrkjelyden eit historisk perspektiv som utløyste ettertanke. Fleire nøkkelpersonar bidro til det, ikkje minst prost Svein Arne Theodorsen som i ei malmfull preike om befalingane heldt fram at befalinga til læresveinane er den viktigaste. Han fortalde også frå eit nyleg opphald i Polen og møtet der med eit svært religiøst folk.



Klokkar Bjørgulv Eik, organist Eva Megyesi og primus motor Tormod Myklebust etter messa
Prosten var på si side raus med rosen til organist Eva Megyesi for hennar evne til å formidla den gamle liturgien som vart nytta.



Dag Helland og Kristian Bringedal kjem til Neset i tidsriktige båtar.



Björgulv Eik debuterte som verkeleg klokkar

Björgulv Eik har vore klokkar før, men det var i spelstykke og no debuterta han som verkeleg klokkar på ein måte som ingen kan ha noko å utsetta på. Han glei naturleg inn i rolla som formidlar av inngangsbøn og avslutningsbøn.



[Helland og Bringedal har ankra opp og skal ta kykjevegen fatt](#)
Gudstenesta vart avvikla utan problem på gamlemåten og det var sjølvsagt nynorsk salmebok som vart nytta.



På kyrkjeveg på Kjerlandssido (Foto: Nelly Kjerland)

Oppmodinga om å nytta gamle klede fekk også ein imponerande respons og det kom vandrane folk frå alle delar av bygda. Spesielt positivt var det at Kristian Bringedal og Dag Helland med kvar sin tidsriktige båt landa på Neset og gjekk den gamle kyrkjevegen innover. Dag nytta til og med førkrigsskoa til faren!

Etter gudstenesta var det ein triveleg samling på kyrkjegarden og der var det både servering og kunngjeringar om det som skal skje framover. Ei hovudhending i så måte er indremisjonsjubileet som skal avviklast på Husnes sjølv om Uskedalen er den historisk sett rette staden.

Tekst, foto og nett: Ola Matti Mathisen

[Sjå biletserie frå Gamal kyrkjesøndag](#)



Heile kyrkjelyden samla etterpå



Klokkaren ynskjer kyrkjelyden velkomne til gudsteneste